



NVE

Grunngjeving for vedtak

## Uttak av grunnvatn i Myrkdalen

Voss herad i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Tiltakshaver	Voss herad
Referanse	202512781-10
Dato	17.06.2026
Ansvarlig	Silje Aakre Solheim
Saksbehandler	Marianne Ask

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

[www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Innhald

<b>NVE sin konklusjon</b>	<b>2</b>
<b>Søknad</b>	<b>3</b>
<b>Høyring og distriktsbehandling</b>	<b>7</b>
<b>NVE si vurdering</b>	<b>9</b>
<b>NVE sin konklusjon</b>	<b>12</b>
<b>Forholdet til anna lovverk</b>	<b>13</b>
<b>Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova</b>	<b>13</b>
<b>Andre forhold</b>	<b>16</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>16</b>

## Samandrag

Voss herad er tiltakshavar og dei har behov for ei ny drikkevasskjelde i Myrkdalen. Drikkevasskjelda er etablert langs Myrkdalselvi som tilhøyrrer Vossovassdraget som er verna etter verneplan III frå 1986. I denne saka skal NVE behandle sjølve vassuttaket og infrastruktur fram til samleikum/pumpehus.

I ein elvebank langs Myrkdalselvi ved Kvitagrov, har Voss herad etablert ein liggande grunnvassbrønn med tre armar og sjølvfall til samleikum. Omsøkt uttak er på inntil 35 l/s, og det er estimert eit gjennomsnittleg uttak på 10 l/s dei kommande 10 åra. Største vassuttak tar høgde for framtidig utvikling i Myrkdalen og skal kunne forsyne inntil 17 000 personar. Når den nye vasskjelda er på plass, skal noverande vasskjelde ved Idlagilsgrovi fungere som reservevasskjelde. Voss herad har inngått samarbeid med Myrkdalen Fjellheisar AS, som har konsesjon til vassuttak til snøproduksjon vedtatt 22.10.2012. Saman skal dei etablere målestasjon i elva og dei skal blant anna sikre at det ikkje blir tatt ut vatn ved lågare vassføring enn 197 l/s vinterstid, og 1000 l/s om sommaren. Sikring av minstevassføring i Myrkdalselvi er satt som krav i konsesjonen til Myrkdalen Fjellheisar AS, og desse krava skal framleis vere gjeldande.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

NVE meiner at ny grunnvasskjelde ved Kvitagrov/Nobbi vil vere ei tilfredsstillande løysing til vassforsyning. Grunnvatnet er hovudsakleg induisert elvevatn av god kvalitet og vil ikkje medføre senka grunnvassnivå. Uttaket vil derimot kunne medføre noko lågare vassføring i Myrkdalselvi i tørre periodar. Det er aure i elva, men lågare vassføring vil ikkje gje nemneverdige ulemper for lokal fisk. Ved normal vassføring i Myrkdalselvi vil vassuttaket vere ubetydeleg.

Statsforvaltaren meiner uttaket kan redusere vassføringa seinvinter, men dei kjenner ikkje til at det er raudlista artar eller viktige naturtypar som kan bli påverka av eit slikt uttak det er søkt om. Mattilsynet er positive til at det blir etablert ei ny drikkevasskjelde i Myrkdalen.



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## NVE sin konklusjon

NVE meiner uttak av grunnvatn ved Myrkdalselvi ved Kvitagrov i Myrkdalen vil gje tilstrekkeleg tilgang med reint og trygt drikkevatt til brukarar i Myrkdalen. Grunnvatnet er infiltrert elvevatn som med sjølvfall renn inn til samlekum. Sidan vatnet ikkje blir pumpa ut av elva, vil grunnvassnivået halde seg uforandra og stabilt. Vi meiner at omsøkt uttak ikkje vil gi nemneverdige negative effektar for vassføringa i Myrkdalselvi eller forringe verneverdiar knytt til vassdraget.

**Etter ei heilskapleg vurdering av planane, verneverdiane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova §§ 25 og 35 er oppfylt. NVE gir Voss herad løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av inntil 35 l/s grunnvatn ved Kvitagrov ved Myrkdalselvi. Løyvet er gitt på nærare fastsette vilkår.**

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Søknad


NVE har mottatt følgende søknad frå Voss herad, datert 04.06.2025:

**«Søknad om konsesjon for uttak av grunnvatn til vassforsyning Myrkdalen**

Voss herad ønskjer å etablere uttak av grunnvatn frå området Kvitagrov / Nobbi ved Myrkdalsvegen, Voss herad i Vestland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

**Etter vassressurslova, jf. § 45, om løyve til:**

- å ta ut gjennomsnittleg 864 m<sup>3</sup>/døgn, tilsvarande 10 l/s, grunnvatn, og maksimalt 3024 m<sup>3</sup>/døgn (35 l/s) grunnvatn til vassforsyning i Myrkdalen»



Figur 1 Oversiktskart som viser tiltaksområdet i forhold til Vossevangen og Vikafjellet

**NVE**Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Hovuddata for uttak av grunnvatn

Voss herad ønskjer å etablere eit uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning frå ein liggjande brønn langs Myrkdalselva. Det er inngått ei avtale med Myrkdalen Fjellheisar AS som allereie har konsesjon for uttak av grunnvatn frå Myrkdalselva nedstrøms det planlagde grunnvassuttaket. Voss herad og Myrkdalen Fjellheisar AS vil saman ha prosedyrar for å oppretthalde kravet til minstevassføring.

Det største vassforbruket er til hotell og fritidsbustader, og vassforbruket vil derfor variere med høgaste forbruk i juleferien, vinterferien og gjennom påska. Tabellen under viser dei viktigaste tala.

<b>TILSIG</b>		<b>40 % klimapåslag</b>	<b>Utan klimapåslag</b>
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	83,2	
Middelavrenning	mm/år		2373,4
Spesifikk avrenning	l/(s · km <sup>2</sup> )	79,6	75,2
Middelvassføring	l/s	6 622 (6,6 m <sup>3</sup> /s)	6 257 (6,2 m <sup>3</sup> /s)
Alminneleg lågvassføring	l/s	242 (0,2 m <sup>3</sup> /s)	230 (0,2 m <sup>3</sup> /s)
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	1 009 (1 m <sup>3</sup> /s)	962 (1 m <sup>3</sup> /s)
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	175 (0,18 m <sup>3</sup> /s)	167 (0,17 m <sup>3</sup> /s)

### VASSDRAGSANLEGGET

Naturleg grunnvasspegel	m under terreng	1,5	
Tal på røyr som vassleidningen består av	stk.	1	
Brønntype		Liggande brønn	
Filterdjup	m under terreng	1,5-1,8	
Lengde liggande brønn	m	44	
Maksimalt vassuttak	l/s	35	
Normalt vassuttak	l/s	10	
Planlagt minstevassføring vinter (1/10-30/4)	l/s	197	
Planlagt minstevassføring sumar (01/05-30/9)	l/s	10000	

### GRUNNVASSUTTAK

Inntak	moh.	ca. 470	
Gjennomsnittleg uttak	l/s	10	
Antall brønnar	stk.	1	
Maksimalt uttak	l/s	35	



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Om søkjar


Voss herad er søkjar, og dei treng å etablere ei ny hovudvasskjede for Myrkdalen. Dagens vasskjelde er Idragilsgrovi. Vasskvaliteten ved Idragilsgrovi er god, men med dagens vassforbruk er makskapasiteten snart nådd. Voss herad ynskjer å legge til grunn eit vassbehov på inntil 35 l/s som tar høgde for framtidig utvikling i området. Den nye vassforsyninga ved Kvitagrov/Nobbi ved Myrkdalselva skal sikre tilstrekkeleg mengde vatn av god kvalitet, og anlegget dimensjonerast for å kunne forsyne 17 500 personar i tillegg til drikkevatt til ordinært forbruk i dalen.

## Eigedomsforhold

Det er inngått avtale om grunnerverv og avtale om grunn mellom Voss herad og grunneigar.

## Skildring av området

Myrkdalen er ein open dal og det planlagde vassuttaket ligg i lausmassar langs Myrkdalselvi ca. 1,2 km oppstrams Myrkdalen hyttelandsby. Brønnen er etablert i elve- og bekkeavsetningar med tilfredsstillande infiltreringskapasitet, avsett over morenemateriale. Grunnvassførekomsten er undersøkt med georadarmålingar, og i dalføret er det generelt mykje myr og morene, men enkelte parti med breelv- og elveavsetningar.



Figur 2 Flyfoto viser plassering av brønn, pumpehus og Rv13 i forhold til Myrkdalselvi.




NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat

## Teknisk plan

### Inntak

Vassuttaket skjer ved hjelp av liggande brønner. Grunnvatn blir infiltrert i tre brønnarmar som leier vatnet med sjølvfall inn til ein samlekum. Frå kummen blir vatnet pumpa vidare til reinseanlegg. Den liggande brønna med armar er allereie etablert i grøfter.



Figur 3 Kart over brønn og pumpehus/samlekum.

### Overvaking av grunnvassnivå


Tiltakshavar skriv at det vil bli oppretta ein målestasjon i elva som skal kontrollere minstevassføringa og grunnvassnivå, og vasspegelen i overvaksingsbrønn 1 og vassnivå i samlekum vil inngå i overvakinga.

Det er utført prøvepumping i perioden frå 28.06.2023 til 28.06.2024, og observasjonsbrønn 1 viser at grunnvassnivået held seg stabilt, har små variasjonar og blir styrt av nivået i elva.



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



Figur 4 Pumpetest utført mellom 28.06.2023 og 28.06.2024.

### Veg, massetak og deponi

Dei liggjande brønnarmane og samlekum er allereie etablert, og det vil ikkje vere behov for ny veg, massetak eller deponi.

### Arealbruk

Området er i dag utmark.

## Forholdet til offentlege planer

### Kommuneplan

Området inngår i kommunedelplan for Myrkdalen. Kommunen har den 21.03.2024 vedtatt reguleringsplan for VA-anlegg i Myrkdalen, der brønnen ligg innanfor formål LNFR. Reguleringsplanen beskriv «VA-anlegg i Myrkdalen» med hovudformål å gje tilgjenge til naudsynthe areal for å auka kapasiteten på vassforsyninga.

### Verneplan for vassdrag

Myrkdalselva er del av 062/1 Vossovassdraget og verna etter verneplan III frå 1986.

### Nasjonale laksevassdrag

Vossovassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag, men området for det planlagde tiltaket ligg ovanfor anadrom strekning.

## Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 og 5 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via NVE sine nettsider.

NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

### **Statsforvaltaren i Vestland** uttalte i brev **11.02.2026**:

«Grunnvassmagasinet er lite, og vassuttaket vil i hovudsak vere basert infiltrasjon frå elva. Dette vil redusere vassføringa i Myrkdalselvi, medan grunnvassnivået, og dermed ei grunn myr som ligg over magasinet, ikkje vil endre seg. Ut frå tabell 2 i søknaden vil maksimalt vassuttak utgjere tre prosent av 5-persentilnivået for sommarperioden, og 19 prosent for vinterperioden. Effekten på elva vil altså vere størst når toppforbruk i ferieperiodar om vinteren fell saman med låg avrenning.

Redusert lågvassføring på seinvinteren, som er ein naturleg flaskehals for den biologiske produksjonen i norske vassdrag, kan påverke elvemiljøet negativt. Vi kjenner ikkje til at det er registrert raudlisteartar eller viktige naturtypar som kan bli påverka av eit uttak slik det er søkt om. Om det er tett med aure, slik det er vanleg i vestlandselvar, er det heller ikkje grunn til vente nemneverdig negativ effekt på fiskebestanden. Storleiken på uttaket i høve til oppgitte hydrologiske data, og kjent kunnskap om elvemiljøet, tilseier at tiltaket vil få små konsekvensar for naturmiljøet.

Vassuttak til drikkevassforsyning er gitt prioritet i dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag: «...Ved praktiseringen av retningslinjene bør det legges til grunn at vernede vassdrag kan utnyttast til drikkevannsforsyning dersom det ikke finnes gode, alternative drikkevannskilder og dersom inngrep i en slik sammenheng ikke reduserer verneverdiene vesentlig.» Det har vore vurdert alternativ drikkevasskjelde som er forkasta, men dette er ikkje nærare omtalt i søknaden. Vår vurdering er at tiltaket ikkje vil kome i vesentleg konflikt med verdien som typevassdrag for regionen.

Vi legg til grunn at tiltaket blir utført med minst moglege nye naturinngrep, og at området blir tilbakeført etter moderne praksis basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank. Vi viser her til miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12.»

### **Mattilsynet** uttalte i brev **15.01.2026**:

«Mattilsynet kjenner saka gjennom vår rolle som tilsynsmynde etter drikkevassforskrifta, og kan stadfesta at det er behov for å oppgradera vassforsyninga i Myrkdalen. Voss herad er i prosess for overtaking av dagens private vassforsyningssystem, og vil stå for oppgradering og vidare drift av vassforsyninga.

Mattilsynet har i vedtak datert 04.08.2025 gitt plangodkjenning etter § 18 i drikkevassforskrifta. Planane omfattar etablering av ny hovudkjelde og nytt vassbehandlingsanlegg som skal knytast til eksisterande distribusjonssystem. Dagens hovudkjelde og vassbehandlingsanlegg er planlagt å stå i reserve når det nye anlegget blir sett i drift.

Den nye hovudkjelda er eit elvebankinntak i liggande sandfilter på Nobbaflaten ved Myrkdalselva, nord for Myrkdalen fjellandsby og Helgatun. Det er planlagt tre stk. infiltrasjonsrør som skal levere vatn til felles pumpekum / inntakskum. Herifrå vil vatnet bli pumpa vidare til planlagt nytt vassbehandlingsanlegg på Helgatun. Vi vurderer at den nye hovudkjelda vil kunne dekke eksisterande og framtidig vassbehov, og gi ein god og stabil råvasskvalitet. Planlagt oppgradering vil i sum gi Myrkdalen ei moderne og framtidretta vassforsyning som stettar gjeldande krav i drikkevassforskrifta.

Det er også positivt at eksisterande vassforsyning vil kunne stå i reserve etter oppgraderinga. Dette vil styrka leveringssikkerheita og beredskapen for vassforsyninga i Myrkdalen.

Mattilsynet støttar planane og tilrår at det blir gitt løyve til det aktuelle vassuttaket.»



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## NVE si vurdering

NVE vurderer berre sjølve vassuttaket, brønn og naudsynte leidningar fram til samlekum.

Voss herad skal etablere ei ny hovudvasskjelde i Myrkdalen. Ein liggjande brønn med tre armar er etablert på elvebanken nedstrøms Nobbaberget, og vatnet infiltrerast og renn til ein samlekum ved hjelp av sjølvfall. Dagens vasskjelde er Idlagilsgrovi, og vassverket er nær makskapasitet med dagens forbruk. Når det nye vassuttaket er etablert, skal Idlagilsgrovi fungere som reservevasskjelde. I forbindelse med den ny grunnvasskjelda, skal Voss herad oppføre eit nytt reinseanlegg.

## Hydrologiske verknader av tiltaket

Det er etablert ein liggjande brønn med tre armar som skal infiltrere grunnvatn i elveavsetningar og føre vatnet ned til ein samlekum. Nedbørfeltet til grunnvasskjelda er berekna til 83,2km<sup>2</sup> i Myrkdalselvi like utanfor brønnområdet, og middelvassføringa i elva er på 6,6 m<sup>3</sup>/s. Alminneleg lågvassføring er estimert til 242 l/s. Voss herad forventar eit uttak på gjennomsnittleg 10 l/s dei neste 10 åra, men søkjer om eit uttak på maksimalt 35 l/s som tar høgde for framtidig vekst. Det er planlagt å oppretthalde ei minstevassføring i elva på 197 l/s vinterstid, og 1 000 l/s om sommaren.

Det er utført prøvepumping i perioden frå 28.06.2023 til 28.06.2024, og observasjonsbrønn 1 viser at grunnvassnivået held seg stabilt, har berre små variasjonar og blir styrt av nivået i elva. Tiltakshavar skriv at det vil bli oppretta ein målestasjon i elva som skal kontrollere minstevassføringa, og både overvaksingsbrønn 1 og nivå i samlekum vil inngå i overvakinga.

NVE meiner at omsøkt vassuttak kan medføre noko lågare vassføring i Myrkdalselvi i tørrare periodar, men planane skal sikre at det ikkje blir tatt ut vatn dersom vassføringa i elva er lågare enn hhv. 197 og 1 000 l/s. Uttaket vil dermed ikkje medføre ei ytterlegare senking av korkje grunnvassnivået eller minstevassføringa enn kva som er naturleg låg vassføring. Ved normal vassføring i Myrkdalselvi er vassuttaket ubetydeleg.

## Naturmangfald

### Naturtypar og artar

Søk i Naturbase og Artskart 29.04.2026 viser myr i nærleiken av grunnvassinntaket, og artar som kritisk truga vipe (CR) og nær truga konglebit (NT), er fuglar som har tilhald i området. Tiltakshavar opplyser i søknaden om at rådgjevande biologar stadfestar at det ikkje er elvemusling i elvane i området, men at Myrkdalselvi er gyteområde for auren i Myrkdalsvatnet. Myrkdalselvi er definert å ha «noko verdi» som funksjonsområde for «vanlege artar».

Statsforvaltaren kjenner heller ikkje til registrerte raudlista artar eller viktige naturtypar som kan bli påverka av uttaket, og meiner verken myra eller grunnvassnivået vil endrast. Dei påpeiker vidare at vassuttaket kan redusere vassføringa i Myrkdalselvi, men at dette ikkje vil ha nemneverdig negativ effekt på bestanden av aure.

NVE er einig med Statsforvaltaren og kan ikkje sjå at vassuttaket vil medføre nemneverdige negative effektar for verken nærliggjande myr eller vassmiljø.



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om uttak av grunnvatn ved Kvitagrov ved Myrkdalselvi, legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar, tilleggsundersøkingar med georadar utført av Norconsult, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 29.04.2026. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til grunnvassinntaket finst det kritisk truga **vipe (CR)**, **konglebit (NT)** og **myr**. Desse vil ikkje bli påverka av det planlagde grunnvassuttaket. Etablering av eit nytt vassuttak ved Myrkdalselvi vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå vassuttaket i samheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Myrkdalen Fjellheisar AS har konsesjon til uttak av vatn frå brønn ved Myrkdalselvi til snøproduksjon ved Årnot, ca. 1 km nedstrøms tiltaksområde. Tiltakshavar og Myrkdalen Fjellheisar AS har gjort avtale om felles prosedyrar for å oppretthalde kravet til minstevassføring som føreligg i konsesjonen til Myrkdalen Fjellheisar AS. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

## Landskap og friluftsliv

Dei planlagde grunnvassbrønnane ligg i eit naturområde med urørt preg, på ein elvebanke like med Myrkdalselvi. Det er ingen registrerte turstiar forbi, og tiltakshavar opplyser at området er lite brukt til friluftsliv, jakt og fiske. Brønn med tilhøyrande infrastruktur er grave ned og berre pumpehuset er synleg. NVE meiner grunnvassuttaket ikkje vil vere skjemmaende for landskapsopplevinga eller bryte kontinuiteten i naturområdet.

## Vassforskrifta

Vassførekomsten tilhøyrer vassområdet 062-279-R Myrkdalselvi. I Vann-nett er førekomsten registrert som ei middels påverka elv, hovudsakeleg grunna avrenning frå fulldyrka mark og punktutslipp frå reinseanlegg. Det er pågåande arbeid med nytt kloakkreinseanlegg nede ved Myrkdalsvatnet. Økologisk miljøtilstand er sett til moderat med mål om god. Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Det planlagde vassuttaket er etter NVE si vurdering



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

lite og innanfor vassførekomsten si toleevne, jf. også kravet i vassressurslova § 45. Tiltaket vil i svært liten grad påverke vassførekomsten. NVE kan derfor ikkje sjå at det planlagde vassuttaket vil forringe dagens tilstand eller være til hinder for at ein oppnår fastsette miljømål for vassførekomsten. Vassforskrifta § 12 kjem derfor ikkje til bruk i denne saka.

## **Verna vassdrag**

Myrkdalselva er del av 062/1 Vossovassdraget som er verna etter Verneplan III i 1986. Vossovassdraget er anbefalt typevassdrag for regionen, og vassdragets elver, vatn og våtmarksområdet gir eit variert og kontrastrikt landskap som omfattar både høgfjell og dalar, kor elveløpsformar, isavsmeltningsformar, botanikk, landfauna og vassfauna inngår i grunnlaget for vernet. Myrkdalselvi er del av Strondaelva som renn frå Vikafjellet i nord og vidare roleg gjennom Lønnavatnet og ned til Vangsvatnet. Det er store naturfaglege interesser knytt til delta og våtmarkssystem i Strondavassdraget, som Myrkdalselvi kjem frå.

Myrkdalselvi ligg i ein dal omkransa av høge fjell og har både isavsmeltningsformer og elveløpsformer som inngår i vernegrunnlaget. Brønnen er allereie etablert og vil ikkje endre verken elveløpsformer langs vassdraget eller skjemme landskapet. Botanikk og fauna i vassdraget står også sentralt i vernet, og NVE meiner vassuttaket er så avgrensa at det ikkje vil påverke verken planter eller fauna knytt til Myrkdalselvi. Ved middelvassføring er vassuttaket ubetydeleg. NVE meiner at planane ikkje vil forringe verdiar knytt til vernegrunnlaget.

## **Kulturminne**

Kulturminnesøk 29.04.2026 viser ingen registrerte minner ved tiltaksområdet.

## **Naturfare**

I NVE sitt aktsemdskart ligg tiltaksområdet utsett til for flaum, snø- og steinskred, og ifølgje NVE Atlas er det fleire registrerte historiske skred i nærleiken. Det er utført flaumanalyse ved planlagt grunnvassuttak (COWI AS, 2023), og rapporten seier at området er marginalt flaumutsett ved 40 % klimapåslag og at sjølve brønnkonstruksjonen er ikkje påverka av dette. Den største risikoen er erosjon i elvebreidda. Skredrapporten (Norconsult Norge AS, 2023) konkluderer med at grunnvassverket ligg utanfor faresone 1/1000 og oppfyller gjeldande tryggleikskrav mot skred.

## **Vasskvalitet**

Grunnvatnet er hovudsakeleg indusert elvevatn, og Voss herad opplyser at vasskvaliteten er tilfredsstillande.

## **Samfunnsmessige fordelar**

Ei ny vasskjelde ved Myrkdalselvi ved Kvitagrov vil gi reint og trygt drikkevatn til inntil 17 000 personar i Myrkdalen. Grunnvassuttaket ligg oppstraums abonnentane og dette medfører lågare straumforbruk og kostnader til pumping. Plasseringa av grunnvassbrønnen gjer at kommunen slepp å klausulere dyrka mark.

## **Oppsummering**

Voss herad må etablere ei ny drikkevasskjelde i Myrkdalen. I ein elvebank langs Myrkdalselvi ved Kvitagrov, har Voss herad etablert ein liggande grunnvassbrønn med tre armar og sjølvfall til



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

samlekum. Omsøkt uttak er på inntil 35 l/s, med eit normalt uttak estimert til 10 l/s dei neste 10 åra. Omsøkt vassuttak tar høgde for framtidig utvikling i Myrkdalen og skal kunne forsyne inntil 17 000 personar. Når den nye vasskjelda er på plass, skal noverande vasskjelde ved Idlagilsgrovi fungere som reservevasskjelde. Voss herad har inngått samarbeid med Myrkdalen Fjellheisar AS, og saman skal dei etablere målestasjon i elva. Dei skal blant anna sikre at det ikkje blir tatt ut vatn ved lågare vassføring enn 197 l/s vinterstid, og 1000 l/s om sommaren. Sikring av minstevassføring i Myrkdalselvi er satt som krav i konsesjonen til Myrkdalen Fjellheisar AS vedtatt 22.10.2012, og desse krava skal framleis være gjeldande.

NVE meiner at ny grunnvasskjelde ved Kvitagrov langs Myrkdalselvi gir ei tilfredsstillande løysning til vassforsyning. Grunnvatnet er hovudsakleg indusert elvevatn av god kvalitet og vil ikkje medføre senka grunnvassnivå. Uttaket vil derimot kunne medføre noko lågare vassføring i Myrkdalselvi i tørre periodar. Statsforvaltaren meiner uttaket kan redusere vassføringa seinvinter, men kjenner ikkje til at det er raudlista artar eller viktige naturtypar som kan bli påverka av eit slik uttak det er søkt om. Mattilsynet er positive til at det blir etablert ei ny drikkevasskjelde i Myrkdalen.

Det er planlagt ei minstevassføring på 197 l/s om vinteren og 1000 l/s om sommaren. Det er aure i elva, men lågare vassføring vil ikkje gje nemneverdige ulemper for lokal fisk. Ved normal vassføring i Myrkdalselvi vil vassuttaket vere ubetydeleg. NVE kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil påverke verdier lagt til grunn for vern av vassdraget.

## NVE sin konklusjon

NVE meiner uttak av grunnvatn ved Myrkdalselvi ved Kvitagrov i Myrkdalen vil gje tilstrekkeleg tilgang med reint og trygt drikkevatt til brukarar i Myrkdalen. Grunnvatnet er infiltrert elvevatn som med sjølvfall renn inn til samlekum. Sidan vatnet ikkje blir pumpa ut av elva, vil grunnvassnivået helde seg uforandra og stabilt. Vi meiner at omsøkt uttak ikkje vil gi nemneverdige negative effektar for vassføringa i Myrkdalselvi eller forringe verdier knytt til vernegrunnet av vassdraget.

**Etter ei heilskapleg vurdering av planane, verneverdier og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova §§ 25 og 35 er oppfylt. NVE gir Voss herad løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av inntil 35 l/s grunnvatn ved Kvitagrovi ved Myrkdalselvi. Løyvet er gitt på nærare fastsette vilkår.**

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

## Forholdet til anna lovverk

### Forholdet til plan- og bygningslova

*Forskrift om byggesak* (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

### Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter forureiningslova.

## Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

### Post 1: Uttak av grunnvatn

Løyve gjeld eit maksimum uttak på 35 l/s, som utgjer eit maksimalt samla uttak på 3 024 m<sup>3</sup>/døgn. Under normal drift er eit forventa gjennomsnittleg uttak 10 l/s, men dette vil auke med ei eventuell framtidig vekst i Myrkdalen.

Vassuttaket skal målast, og data for uttak av vatn skal kunne leggest fram for NVE på førespurnad.

#### Grunnvassuttak og vassføring utan klimapåslag

Middelvassføring	6 257 l/s
Alminneleg lågvassføring	230 l/s
5-persentil sommer	962 l/s
5-persentil vinter	167 l/s
Maksimalt uttak	35 l/s
Gjennomsnittleg uttak	10 l/s
Pålagt minstevassføring vinter (1/10-30/4) (Myrkdalen fjellheiser AS)	197 l/s
Pålagt minstevassføring sommer (1/5-30/9) (Myrkdalen fjellheiser AS)	1000 l/s

Tiltakshavar legg opp til at det skal gå ei minstevassføring i elva som samsvarar med krav i konsesjon av 22.10.2012 til Myrkdalen Fjellheiser AS. Høyringspartane har ikkje kommentert storleiken på minstevassføringa og NVE meiner at søkar sitt forslag om 197 l/s om vinteren og 1000 l/s om sommaren vil ivareta dei artane og andre allmenne interesser som krev ei viss vassføring i elva. Voss herad og Myrkdalen Fjellheisar AS skal etablere ein felles målestasjon i Myrkdalselvi som kontinuerleg måler vassføringa i elva slik at dei har kontroll med minstevassføringa. Både overvåkingsbrønn 1 og pumpekum/samlekum skal inngå i overvakinga Vasstemperatur, grunnvassnivå i myra ved overvåkingsbrønn 1, samt vassnivå i samlekum skal målast kontinuerleg.



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføringa skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal kunne leggast fram på førespurnad frå NVE, og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

#### **Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.m.**

Konsesjonen omfattar uttak, inntaket og naudsynte leidningar/brønn fram til samleikum/pumpehus.

Detaljerte planer skal leggast fram og godkjennast av NVE. Dette innebærer at NVE sitt miljøtilsyn skal godkjenne plan for måling, registrering og dokumentasjon av samlet vannuttak, samt godkjenne planer for inntaksløsning og legging av vannledning fra inntak og inn til samleikum.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 7 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å summere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnadar:

##### **GRUNNVASSUTTAK**

<b>Inntak og brønn</b>	<p>Tiltaksområdet ligg på ein elvebanke ved Kvitagrov/Nobbi ved Myrkdalsvegen, gnr./bnr. 274/1.</p> <p>Voss herad har grove ned og etablert éin liggjande brønn med tre armar. Brønnen har filterdjup 1,5-1,8 m under terreng og har sjølvfall fram til samleikum. Vatn skal dermed ikkje pumpast ut frå elva. Det er 44 m frå brønnfilter til samleikum. Frå samleikum skal vatnet pumpast vidare til vassanlegg.</p> <p>Detaljert beskriving av infrastruktur frå brønn fram til samleikum skal leggast fram for NVE sitt miljøtilsyn og godkjennast.</p>
<b>Største vassuttak</b>	<b>35 l/s</b>
<b>Gjennomsnittleg vassuttak fram til 2035</b>	<b>10 l/s</b> <p>Løyve om uttak inntil 35 l/s inkluderer forventet vekst i Myrkdalen. Dei kommande 10 åra er det forventet eit normalt årleg gjennomsnittleg uttak på 10 l/s, men dette vil auke med ei eventuell utbygging.</p> <p>Måling, registrering og dokumentasjon av samla vassuttak skal målast kontinuerleg og kunne leggast fram for NVE sitt miljøtilsyn på førespurnad.</p>
<b>Minstevassføring</b>	<b>1000 l/s</b> mellom 01.05.-30.09. <b>197 l/s</b> mellom 01.10.-30.04.



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

	<p>Voss herad og Myrkdalen Fjellheisar AS har inngått ei avtale og skal saman ha prosedyrar for å oppretthalde kravet til minstevassføring i Myrkdalselva. Myrkdalen Fjellheisar AS har konsesjon frå 2012 til vassuttak nedstrøms, NVE sitt saksnummer 201204734.</p> <p>Det skal etablerast ein felles målestasjon i elva som skal overvake:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Vassføringa i Myrkdalselva</li><li>- Temperatur</li><li>- Grunnvassnivå i overvakingsbrønn 1</li><li>- Vassnivå i samleikum</li></ul> <p>Det er ikkje tillate å ta ut vatn dersom vassføringa i Myrkdalselva er lågare enn krava til minstevassføring.</p> <p>Teknisk løysning for målestasjonen og dokumentasjon av overvaking skal godkjennast av NVE.</p>
<b>Veg</b>	<p>Det skal ikkje etablerast nye vegar i forbindelse med planane.</p>

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

## **Post 5: Hydrologiske undersøkingar**

Konsesjonæren skal etter nærmare bestemmelser av NVE utføre dei hydrologiske observasjonane som er naudsynte for å ivareta offentlege interesser og stille materiale til disposisjon for det offentlege.

## **Post 6: Etterundersøkingar**

Konsesjonæren kan påleggjast å utføre og betale for etterundersøkingar av verkingar av tiltaket for påverka interesser. Undersøkningsrapportar med tilhøyrande materiale skal stillast til rådighet for det offentlege. NVE kan treffe nærmare bestemmelser om kva slags undersøkingar som skal gjerast og kven som skal utføre dei.

## **Post 7 Automatisk freda kulturminne**

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. post 3 i vilkåra).



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

### **Post 8: Tersklar m.v.**

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

### **Post 10: Registrering av minstevassføring m.v.**

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemningar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

### **Andre forhold**

Voss herad og Myrkdalen Fjellheisar AS har inngått ei avtale og skal saman ha prosedyrar for å oppretthalde kravet til minstevassføring i Myrkdalselva. Myrkdalen Fjellheisar AS har konsesjon frå 2012 til vassuttak nedstrøms, NVEs saksnummer 201204734.


### **Vedlegg**

Kart



NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat



Senterposisjon: 39300.27, 6778465.33  
Koordinatsystem: EPSG:25833  
Utskriftsdato: 02.06.2025


0 500 1000 1500 2000m





NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



Tiltaksområde, sjå  
detalj på neste side

Senterposisjon: 39300.27, 6778465.33  
Koordinatsystem: EPSG:25833  
Utskriftsdato: 02.06.2025


0 50 100 150 200m





NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



Senterposisjon: 39253.75, 6778466.28  
Koordinatsystem: EPSG:25833  
Utskriftsdato: 30.05.2025

0 20 40 60 80m

